



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Fosse Fidjestøl, 5764 3156

## Vedtak i klagesak om avvisning av klage på endring av detaljplan for gbnr. 199/165, 199/170, 199/171 og 199/172, Grunnvåg, Halsnøy i Kvinnherad kommune

Vi viser til oversending frå Kvinnherad kommune 03.04.2019.

### Vedtak

**Fylkesmannen avviser klagen av 11.12.2018 på at plankartet av 20.02.2017 er teke inn i planen.**

### Bakgrunn for saka

Reguleringsplanen for hyttfeltet Grunnvåg, detaljplan for endring vart vedteken i kommunen den 18.06.2015 i sak 2015/41. Etter klage vart avgjerda stadfesta av Fylkesmannen i Hordaland i vedtaket av 20.06.2016 i sak 2016/1834 FMHO.

Kommunen etterspurde revidert reguleringsplan og kart som var i samsvar med dei gitte vilkåra om endring i vedtaket. Dette vart sendt frå tiltakshavar til kommunen 20.02.2017 og teke inn i planen.

De fekk den 20.11.2018 vite at plankartet vart endra. De har den 11.12.2018 sett fram klage. De har klaga på at det reviderte kartet vart lagt inn i planen og meiner endringa skulle ha vore nabovarsla. De syner og til moglege lovbrøt, og reagerer på at vegen de meiner er ulovleg, ikkje er fjerna.

### Regelverk

Fylkesmannen er delegert mynde til å avgjere klager som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, jf. § 1-9 femte ledd og rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet.

Fylkesmannen kan under klagehandsaminga prøve alle sider av vedtaket, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort. Ved prøving av det kommunale skjønnnet skal det leggjast stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret, jf. forvaltningslova (fvl) § 34.

Eit grunnleggjande vilkår for å få handsama ei klage er at det er rettsleg klageinteresse, sjå fvl § 28. Lovføresegna seier òg at det berre er enkeltvedtak som kan klagast på. Dette er vedtak som gjeld rettar og plikt for ein eller somme bestemte personar, sjå fvl § 2.



Ifølgje fvl § 33 skal kommunen når dei får ein klage vurdere om vilkåra er til stades. Er vilkåra ikkje oppfylte, skal klaga avisast, det vil seie at ein ikkje tek stilling til ho. Etter fvl § 34 første ledd har og Fylkesmannen plikt til å avvise saka om vilkåra for å klage ikkje ligg føre. Fylkesmannen er ikkje bunden av at kommunen har teke saka til handsaming.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Det går fram av saka at reguleringsplanen er vedteken, og etter klage stadfesta av Fylkesmannen i Hordaland den 20.06.2016. Det går vidare fram at det nye plankartet er ei oppdatering av det opphavlege plankartet, slik at det vert i samsvar med den endeleg vedtekne reguleringsplanen.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 12-1 første ledd at ein reguleringsplan «...er et arealplankart med tilhørende bestemmelser som angir bruk, vern og utforming av arealer og fysiske omgivelser.»

Plankartet er såleis ikkje er eit sjølvstendig, nytt enkeltvedtak, men er del av det tidlegare vedtaket som er vedteke av kommunen 18.06.2015, og endeleg avgjort av Fylkesmannen i Hordaland 20.06.2016. Det er ei oppdatering av det som vart handsama i dei sakene, og ikkje noko nytt. Det er difor ikkje høve til å klage ytterlegare på planvedtaket som kartet er ein del av. Etter fvl § 28 er det då ikkje noko klagerett. Kommunen har såleis plikt til å avvise å handsame klagen dykkar.

Kommunen skulle likevel ikkje sendt saka hit når ho vart avvist; i staden skulle de fått melding om avvisinga frå kommunen. Avvising av klage er i seg sjølv eit enkeltvedtak som det er klagerett på, sjå fvl § 2 tredje ledd. Men i saka her har kommunen vurdert klageretten, og helt rett kome til at det ikkje er klagerett. Såleis har kommunen i realiteten avvist klagen dykkar. Fylkesmannen er og klageinstans for vedtak om avvising i plansaker. At saka då i staden for å bli avvist frå handsaming i tillegg har blitt sendt hit har såleis ikkje ført til at de har fått nokon mindre moglegheiter til å få vurdert saka. Feilen kan då sjåast bort frå etter fvl § 41.

Når det gjeld spørsmål om oppfølging av ulovlege forhold, ser vi at kommunen har svart på dette i brevet sitt, og vist til fristar som ligg i planvedtaket. Fylkesmannen har ikkje merknader til dette.

Sidan spørsmålet om klagerett er vurdert i to instansar, av både kommunen og Fylkesmannen, er vedtaket om avvising av klagen endeleg, og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Sigurd K. Berg  
seniorrådgjevar

Jorunn Fosse Fidjestøl  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Kvinnherad kommune Rosendalsvegen 10 5470 ROSENDAL

### **Mottakerliste:**

Lilly Irene Koløy Sjo	Halsnøyvegen 8	5454	Sæbøvik
Geir Inge Sjo	Halsnøyvegen 8	5454	Sæbøvik